


# BEREDSKAPSHIEMAR KNYTTA TIL INSTITUSJON

Eit fleksibelt tilbod i den fylkeskommunale  
tiltaksjeden?


Evaluering av 2-årig prøveprosjekt med  
beredskapsheimar knytta til Breimyra barneheim



Karen Havnen

Toril Havik

August 1998



Barnevernets Utviklingssenter på Vestlandet  
Christiesgt. 13, 5015 Bergen. Tlf.: 55-583268

## Innhald

<b>Innleiing.....</b>	<b>3</b>
<b>Beredskapsheimar - framvekst og organisering - tilbakeblikk.....</b>	<b>4</b>
<i>Beredskapsheimar - tilknytning til institusjon eller sentraladministrasjon?.</i>	<i>4</i>
<i>Beredskapsheimane - frå institusjon til sentraladministrasjon.....</i>	<i>4</i>
<i>Beredskapsheimane - både institusjon og sentraladministrasjon.....</i>	<i>5</i>
<i>Beredskapsheimar knytta til Breimyra barneheim.....</i>	<i>5</i>
<b>Om evalueringsopplegget.....</b>	<b>6</b>
<i>Problemstillingar.....</i>	<i>6</i>
<i>Metode.....</i>	<i>7</i>
<i>Utval.....</i>	<i>8</i>
<i>Informantar.....</i>	<i>8</i>
<i>Presentasjon av datamaterialet.....</i>	<i>9</i>
<b>Resultat frå undersøkinga.....</b>	<b>10</b>
<i>Kjenneteikn ved plasseringane i utvalet.....</i>	<i>10</i>
<i>Målgruppe.....</i>	<i>10</i>
<i>Inntaksrutinar.....</i>	<i>11</i>
<i>Typar plasseringar - målsetjing.....</i>	<i>12</i>
<i>Opphaldstid.....</i>	<i>13</i>
<b>Utprøving av spesielle tenester og ordningar knytta til dei ulike plasseringane:.....</b>	<b>14</b>
<i>Utgreiing og observasjon av psykolog.....</i>	<i>14</i>
<i>Bruk av Breimyra barneheim sine møtelokale.....</i>	<i>15</i>
<i>Samarbeid om besøksordning.....</i>	<i>16</i>
<i>Breimyra barneheim som «avlastar» for beredskapsheimane.....</i>	<i>17</i>
<i>Overføring av barn frå institusjon til beredskapsheim.....</i>	<i>17</i>
<i>Modell for samarbeid om tilbod til framandspråkleg barn.....</i>	<i>18</i>
<b>Fagleg arbeid og innhald.....</b>	<b>19</b>
<i>Miljøarbeid som metodisk tilnærming.....</i>	<i>20</i>
<i>Observasjonar. Registreringsskjema.....</i>	<i>20</i>
<i>Tiltaksarbeid.....</i>	<i>21</i>
<i>Tiltaksplanar, utgreiingsplanar og overføringsplanar.....</i>	<i>22</i>
<i>Rapportskriving.....</i>	<i>23</i>

<b>Rettleiing, opplæring, fagleg tilknytning. ....</b>	<b>25</b>
<i>Ulike rettleiingsmodellar. ....</i>	<i>25</i>
<i>Rettleiing frå styrarassistenten. ....</i>	<i>25</i>
<i>Delt rettleiing mellom psykolog og styrarassistent. ....</i>	<i>26</i>
<i>Rettleiing frå miljøarbeidar. ....</i>	<i>26</i>
<i>Opplæring, kurs. ....</i>	<i>28</i>
<i>Fagleg tilknytning. ....</i>	<i>29</i>
<b>Beredskapsheimar knytta til institusjon - oppsummering av synspunkt og erfaringar. ....</b>	<b>30</b>
<i>Synspunkt frå foreldre. ....</i>	<i>30</i>
<i>Synspunkt frå barneverntenesta. ....</i>	<i>31</i>
<i>Synspunkt frå beredskapsheimane. ....</i>	<i>33</i>
<i>Synspunkt frå Breimyra barneheim. ....</i>	<i>34</i>
<b>Avsluttande synspunkt frå evaluator. ....</b>	<b>35</b>
<b>Grunnlagsmateriale - referansar. ....</b>	<b>38</b>

## ***Innleiing.***

Barnevernets Utviklingssenter på Vestlandet har gjennomført ei evaluering av eit 2-årig prøveprosjekt med beredskapsheimar knytta til Breimyra barneheim. Evalueringa er eit oppdrag frå Barne- og familiekontoret i Hordaland fylkeskommune. Hordaland fylkeskommune hadde på evalueringstidspunktet 14 beredskapsheimar knytta direkte til administrasjonen ved Barne- og familiekontoret. Eit overordna siktemål for prosjektet var å prøva ut om ei administrativ og fagleg tilknytning av heimane til ein institusjon kunne tilføra *nye dimensjonar* til arbeidet med kriseplassering av barn; særleg med tanke på besøksordningar, rettleiing og utgreiing.

Utgangspunktet for evalueringa var intervju med personale frå Breimyra barneheim, beredskapsheimane, sosialkontor og foreldre i samband med kvar einskild plassering i perioden 15.2.95 - 15.2.97. Intervjua vart gjennomførte etter at den einskilde plasseringa var avslutta og barnet var flytta ut av beredskapsheimen. Datainnsamlingsperioden strekte seg frå prosjektstart og til september 1997, då dei siste intervjua vart gjennomførte.

Tema for intervjua var arbeidet med det einskilde barnet, og korleis dette fungerte i forhold til dei planar og avtalar som var inngått på førehand. I tillegg vart det spurt om samarbeidet mellom Breimyra barneheim og beredskapsheimane, og samarbeidet mellom Breimyra barneheim/ beredskapsheimane og foreldre/sosialkontoret. Siktemålet for evalueringa var å vurdere om beredskapsheimane si faglege og administrative tilknytning til Breimyra barneheim ga ei god ramme for arbeidet med det einskilde barnet.

Hovudfunna frå evalueringa vart lagde fram på møte med Barne-og familiekontoret og Breimyra barneheim i desember 1997. Barne- og familiekontoret skal etter prosjektperiodens utløp ta stilling til om ordninga skal opphøyra, endrast eller gjerast permanent. Den føreliggjande evalueringsrapporten er til bruk i denne samanheng.

## ***Beredskapsheimar - framvekst og organisering - tilbakeblikk.***

### **Beredskapsheimar - tilknytning til institusjon eller sentraladministrasjon?**

I Hordaland starta ordninga med beredskapsheimar opp gjennom eit prosjekt i perioden 1.1.88 - 31.12.89. Det var her tale om 5 beredskaps-heimar som skulle imøtekoma behovet for kriseplassar for barn inntil 10 år, og fungera som eit supplement til barneheimane. Allereie under planlegginga av tiltaket vart det bestemt at ein skulle prøva ut to ulike organisasjonsmodellar. Den eine modellen innebar at beredskapsheimane skulle knyttast til Barne- og familiekontoret sentralt, og den andre modellen innebar at heimane skulle vera ein del av ein barneverninstitusjon. Føremålet med utprøving av ulike organisasjonsmodellar var at ein ønskte å finna fram til ei best mogeleg ordning for å ivareta beredskapsheimane både fagleg og personalmessig.

Begge modellane vart prøvde ut i prosjektperioden; det første året hadde beredskapsheimane tilknytting til Barne- og familiekontoret, og det siste halvåret var heimane knytta til Breimyra barneheim. Når det galdt utprøving av beredskapsheimar knytta til institusjon i denne samanheng, så bør det påpeikast at denne berre galdt for avgrensa deler av ordninga, og for ein svært kort periode. Ordninga vart til dømes framleis administrert av Barne- og familiekontoret ved prosjektleiar, men prosjektleiar hadde kontor på Breimyra barneheim og deltok meir og mindre i det faglege fellesskapet der. Eit forsøk på å samordna arbeidsoppgåver i institusjonen og i beredskapsheimane ved at 2 miljøarbeidarar var knytta til begge ordningane, vart evaluert som lite vellukka.

I evalueringsrapporten frå dette første beredskapsheimsprosjektet (Fossen Thue 1990) vart det konkludert med at modellen med direkte tilknytning av beredskapsheimane til Barne- og familiekontoret var mest tenleg, utifrå ei totalvurdering av dei arbeidsoppgåver som allereie var lagde til dette kontoret. Det vart framheva at brukarane syntest denne ordninga var enkel og lite byråkratisk, og at det var ein fordel at formidlinga av beredskapsheimar kunne skje frå same instans som formidla dei andre omsorgsplassane. Resultatet av prøveprosjektet var at dei 5 beredskapsheimane etter prosjektperioden vart tilbakeførte til Barne- og familiekontoret både fagleg og administrativt.

### **Beredskapsheimane - frå institusjon til sentraladministrasjon.**

I sak 71/89 jfr. sak 72/89 til Fylkestinget (revisjon av plan for barne- og ungdomsvernet 1989-93) vart det vedteke å utvida beredskapsheimsordninga til 12 heimar totalt for å styrka mottaket av barn i krise. I Fylkestingsvedtaket var

det skissert ein organisasjonsmodell som innebar at beredskapsheimane skulle knyttast til eksisterande institusjonsdrift - delt på dei to institusjonane Breimyra og Skjoldveien barneheimar, med 6 heimar til kvar institusjon.

I sak 422/90 til Helse og sosialstyret vart dette vedtaket endra når det galdt fagleg og administrativ tilknytting. Evalueringsrapport frå prøveprosjektet med beredskapsheimar knytta til Breimyra barneheim var nyleg framlagd (sak 418/90 Helse- og sosialstyret), og konklusjonen i denne rapporten førte til at Barne- og familiekontoret ønskte å vurdere på nytt om beredskapsheimane skulle vera tilknyttast institusjon eller sentraladministrasjonen. Erfaringar frå andre fylkeskommunar (Oslo, Akershus, Vestfold) peika også i retning av at det var ein fordel med sjølvstendige beredskapsheimsavdelingar utan integrering i institusjonsarbeidet. Utifrå ei vurdering av kva det fylkeskommunale barnevernet totalt sett ville vera best tent med, vart det bestemt at beredskapsheimane skulle vera administrativt og fagleg knytta til Barne- og familiekontoret.

### **Beredskapsheimane - både institusjon og sentraladministrasjon.**

I Fylkestingssak 13/94 (jfr. sak 104/93) om nedlegging av Christian Michelsens barneheim fekk Barneverndirektøren fullmakt til å inngå kontraktar med nye beredskapsheimar etter ei totalvurdering av behovet, under føresetnad av at utgiftene kunne dekkast ved innsparingar på Christian Michelsens barneheims budsjett og ved reduserte kjøp av institusjonsplassar utanom fylket.

I sak 421/93 til sektorstyret, sak 104/93 til Fylkestinget, gjekk Barneverndirektøren inn for at 6 erstattingsplassar for Christian Michelsens barneheim skulle vera beredskapsheimar; 2 av heimane skulle knyttast til institusjon og 4 til Barne- og familiekontoret. Om bakgrunnen for denne løysinga skreiv Barnevernsjefen: «Leiaren tilrår å prøva ut ei delt løysing, med 4 heimar lagt til noverande beredskapsheimsordning og 2 heimar lagt til Breimyra barneheim. Dette vert gjort då eit slikt opplegg set mindre krav til utbygging av administrative tenester, noko som gjer tiltaket rimelegare og ein sparer tid i oppstartingsfasen. *Ei delt løysing vil og gi rom for å prøva ut om nye organisasjonsformer kan gi nye dimensjonar til arbeidet med kriseplassering av barn, sett i høve til m.a. besøksordning, rettleing og utgreiing.»*

### **Beredskapsheimar knytta til Breimyra barneheim.**

Med bakgrunn i Fylkestingssak 104/93 vart det sett igang eit nytt prøveprosjekt med beredskapsheimar knytta til Breimyra barneheim. Prosjektperioden vart bestemt til 15.2.95 - 15.2.97, og det var ein føresetnad at ordninga skulle

evaluerast frå oppstart til avslutning. Breimyra barneheim skulle inneha det administrative og faglege ansvaret for 2 beredskapsheimar, slik Barne- og familiekontoret hadde ansvaret for dei andre fylkeskommunale beredskapsheimane. Det administrative ansvaret, t.d. personalansvar og økonomisk ansvar, skulle leggjast til styrar/styrarassistent, medan det faglege ansvaret vart lagt til styrarassistenten. For styrarassistenten innebar dette hovudansvar både for gjennomføring av det planlagte prosjektet og for den einskilde plassering. Psykologen ved Breimyra barneheim skulle medverka i rettleiing av beredskapsheimane og i forhold til utgreiingar av barn i beredskapsheimane.

Frå Barne- og familiekontoret vart det presisert at beredskapsheimane i dette prosjektet skulle forhalda seg til færrest mogeleg personar både med omsyn til rettleiing, utgreiingar og administrasjon. Beredskapsheimsforeldra skulle berre delta i møte- og kursverksemd på barneheimen når det var strengt relevant; dette gjaldt også personalmøte. Det vart vidare understreka at beredskapsheimane var ein type fosterheimar, og at det var i slikt arbeid dei skulle brukast. Av denne grunn var det til dømes ikkje aktuelt at beredskapsheimsforeldra skulle gå ekstravakter i barneheimen. Hospitering som ein del av opplæringa kunne likevel prøvast ut.

Tanken om integrering og samordning av beredskapsheimsarbeid og institusjonsarbeid var dermed lite sentral for dette prosjektet, sjølv om ein tenkte seg at både institusjonen, beredskapsheimar og brukarar ville ha nytte av tilknytninga. Det var heller tale om å byggja opp ei meir eller mindre sjølvstendig beredskapsheimsavdeling som var knytta administrativt og fagleg til institusjonen. Utfordringa i prosjektet var å prøva ut om ei slik ordning kunne gi ei god ramme for arbeidet med det einskilde barnet, og om ordninga kunne tilføra nye dimensjonar til arbeidet med kriseplassering av barn.

### ***Om evalueringsopplegget.***

#### **Problemstillingar.**

Frå avtalen mellom Barne- og familiekontoret og Barnevernets Utviklingssenter kan vi sitera følgjande: «Evalueringa skal systematisera erfaringar med bruk av beredskapsheimar knytta til Breimyra barneheim. Fokus for evalueringa skal vera på *tilknytingsordninga* mellom Breimyra barneheim og beredskapsheimane, og om denne gir ei god ramme for arbeidet med det einskilde barnet».

Barne- og familiekontoret ønskte i prosjektperioden særleg å prøva ut følgjande forhold:

«*Besøksordning*: Man ønsker at det legges til rette for en hyppig besøksordning når det er relevant. Man må her se på en kombinert bruk av beredskapshjem og institusjon.

*Veiledning*: Man ønsker å se på nytten av jevn og strukturert veiledning både av psykolog og miljøarbeider. Dette kan legges til rette i en institusjon.

*Utredning*: Man ønsker å få erfaring med faste utredere med sosial- og psykologfaglig kompetanse. Man ønsker at institusjonen skal vurdere hvordan beredskapshjemmet og barnehjemmet kan samarbeide om utredningsarbeidet. Kan mye av det praktiske utredningsarbeidet foregå i institusjonen?»

Som grunnlag for evalueringa førelåg også ei prosjektskisse utarbeida av Breimyra barneheim. Dokumentet omhandla organisering, samarbeid, fagleg innhald, administrative rutinar o.l. for beredskapsheimsordninga. Breimyra barneheim var særleg interessert i å prøva ut i kva grad *institusjonsrutinar og miljøarbeid* kunne overførast til arbeidet med barn i beredskapsheimane. Breimyra barneheim ønskte også å fokusera på arbeidet omkring *inntak og kriser*.

## **Metode.**

I forhold til problemstillingane i prosjektet var det viktig både å få tak i dei prosessane som føregjekk undervegs i samband med inntak, krisearbeid, besøksordningar, rettleiing og utgreingar, og det var viktig å vurdere kvar plassering i forhold til overordna planar og målsetjingar for opphaldet. Ein valde å innhenta informasjon ved hjelp av semistrukturerte intervju, som føregjekk snarast mogeleg etter at det einskilde barnet var flytta ut av beredskapsheimen. Dei intervjuar var personale ved Breimyra barneheim, beredskapsheimsforeldre, sosialkontor og foreldre i den einskilde plassering.

Intervjuar ved kvar einskild plassering vart følgde opp av ein fellessamtale mellom Breimyra barneheim, beredskapsheimsforeldra og Barnevernets Utviklingssenter. Føremålet med denne samtalen var å gi prosjektdeltakarane fortløpande tilbakemelding, som dei kunne nytta seg av i den vidare utviklinga av prosjektet. Evalueringa hadde på denne måten preg av prosessevaluering.

Intervjuar var strukturerte omkring den einskilde plasseringa ifrå inntak i beredskapsheimen til utflytting. Informantane vart spurde om erfaringar og synspunkt på korleis det avtala arbeidet hadde blitt utført, og om plasseringa hadde fungert tilfredsstillande i forhold til dei mål som var sett. Som referanse



for målsetjingar vart det teke utgangspunkt i «bestillingar» frå barneverntenesta, og nedskrivne planar og avtalar for opphaldet. I tillegg til vurdering av planar og avtalar fortalde informantane om sine oppgåver, og om det konkrete arbeidet som vart utført i dei ulike fasane av plasseringa. Det vart også innhenta synspunkt og erfaringar som gjaldt rettleiing og opplæring, besøksordningar, møteverksemd, samarbeid, organisering av arbeidet etc. Intervjua som varte 1-2 timar, vart tekne opp på lydband, og seinare oppsummerte skriftleg.

Undersøkinga har også anonymiserte opplysningar om kjønn og alder på dei plasserte barna, kor barna var plasserte frå, lovparagrafar ved plasseringane, lengda av plasseringane, målsetjing for plasseringane og kor barna flytta etter plasseringane.

### **Utval.**

Det vart bestemt at alle plasseringar av barn i dei to beredskapsheimane i løpet av prosjektperioden (15.2.95 - 15.2.97) skulle inngå i utvalet. På bakgrunn av at føremålet med beredskapsheimar er korttidsopphald (3 månader) for barn i krise og for utgreiing, vart det stipulert at prosjektet i løpet av ein 2-års-periode burde kunna samla erfaringar frå omlag 14 plasseringar. I praksis varte prosjektperioden frå 15.3.95 - 12.5.97. I denne perioden var det totalt 8 plasseringar, derav 1 plassering gjaldt eit søskenpar.

Det låge talet plasseringar skuldast i hovudsak to forhold. Det eine var at lengda på fleire av opphalda var langt utover 3 månader. Det andre var at ein av dei 2 beredskapsheimane slutta etter kort tid. Det tok sjølvstid å rekruttera ein ny beredskapsheim og klargjera denne for mottak av barn.

Nedanfor er ein oversikt over funksjonstida for dei 3 beredskapsheimane i prosjektet, og kor mange plasseringar kvar einskild heim hadde:

- heim A fungerte heile prosjektperioden, og hadde 4 plasseringar (5 barn)
- heim B fungerte frå mars 1995 til oktober 1995, og hadde 2 plasseringar (2 barn)
- heim C fungerte frå mars 1996 til mai 1997, og hadde 2 plasseringar (2 barn)

### **Informantar.**

Informantane i undersøkinga var saksbehandlar i barneverntenesta, foreldre, beredskapsheimsforeldre og prosjektmedarbeidarar frå Breimyra barneheim. Det var ønskeleg å få informasjon frå alle partar knytta til kvar einskild plassering.

Deltaking i undersøkinga var friviljug, og basert på samtykke frå foreldra i kvar einskild plassering.

Det synt seg etter kort tid at det var vanskeleg å få foreldra til å møta til intervju. Grunnen til dette var at mange foreldre var i ein svært ustabil livssituasjon. Det var i utgangspunktet fleire foreldre som kunne tenkja seg å bli intervjua om sine erfaringar med plasseringa, men berre 2 foreldre møtte til avtale.

Informantane som har blitt intervjua i undersøkinga er på denne bakgrunn: beredskapsheimsforeldra i alle 8 plasseringane, Breimyra barneheim ved prosjektansvarleg i 6 saker og miljøarbeidarar i 2 saker, sosialkontor i alle 8 saker og foreldre i 2 saker.

### **Presentasjon av datamaterialet.**

Evalueringa av beredskapsheimsordninga knytta til Breimyra barneheim har vore omfattande både med omsyn til tidsbruk og med omsyn til informasjon som er henta inn. Intervjuforma har medført at ein har fått detaljert informasjon om den einskilte plasseringa, om arbeidet i beredskapsheimane og om samarbeidet mellom ulike involverte partar. Tilbakemeldinga til prosjektmedarbeidarane undervegs har fungert som ei kontinuerleg evaluering av ordninga generelt, og av kvar einskild plassering spesielt.

Resultata som blir presenterte kan ikkje utan vidare generaliserast til andre beredskapsheimsordningar knytta til institusjon. I gjennomgangen av det faglege opplegget og drøftingane er det likevel mange problemstillingar som kan ha interesse utover det fylkeskommunale barnevernet i Hordaland.

I denne evalueringsrapporten er det ikkje mogeleg å gjengi alle synspunkt og erfaringar som har kome fram undervegs. Rapporten vil først presentera kjenneteikn ved plasseringane i utvalet. Deretter vil ein fokusera på spesielle tenester og ordningar knytta til dei ulike plasseringane, fagleg arbeid og innhald og ulike rettleiingsmodellar. I siste del vil ein samanfatta dei viktigaste synspunkta og erfaringane som har kome fram frå sosialkontora, foreldre, beredskapsheimsforeldre og personale ved Breimyra barneheim, og som gjeld både det faglege opplegget generelt og *tilknytingsordninga* spesielt. Rapporten blir avslutta med ei kort oppsummering av hovudsynspunkt frå prosjektet sett frå evaluator si side.

## Resultat frå undersøkinga.

### Kjenneteikn ved plasseringane i utvalet.

I prosjektplanen for beredskapsheimsordninga er det blant anna gjort greie for *målgruppe, inntaksrutinar og type plasseringar*. Vi skal nedanfor gi ein oversikt over kjenneteikn ved dei ulike plasseringane slik som kjønn, alder, plasseringsmåte, paragrafbruk ved plassering, opphaldstid, målsetjing for opphaldet og kor barna vart utskrivne til. Denne informasjonen vil bli vurdert i forhold til dei ulike punkta i prosjektplanen.

Sak	Kjønn	Alder	Plassert frå:	Bvl. § v/plasser.	Opphald	Målsetjing	Utskriven til:
1a*	jente	8 mnd.	heimen	§4.4-5	3 veker	avlastning	heimen
1b*	gut	3,5 år	heimen	§4.4-5	3 veker	avlastning	heimen
2	jente	1 år	mødreheim	§ 4.4-5*	2,5 mnd.	avlastnin/F.N	heimen
3	jente	7 år	Breimyra	§4.6-2	12 mnd.	Fylkesnemnd	fosterheim
4	gut	5 mnd.	Breimyra	§4.6-1	5 mnd.	Fylkesnemnd	fosterheim
5	gut	6 år	Breimyra	§4.6-1*	7+6mnd.*	midl.oms/F.N	fosterheim
6	gut	baby	fødeavd.	§4.4-5*	3 mnd.	midl.oms/F.N	fosterheim
7	gut	1,5 år	Breimyra	§4.6-2*	6+6mnd.*	fosterheim	fosterheim
8	jente	4 år	Breimyra	§4.6-1	1v+3mnd*	midl.omsorg	heimen

Sak 1\*: søskenpar

Paragraf\*: lovheimel har blitt endra i løpet av opphaldet

Opphald\*: opphald Breimyra+beredskapsheim (sak 5,7), opphald beredskapsheim+oppfølging (sak 8)

### Målgruppe.

Ifølge prosjektskissen skal målgruppa for Breimyra barneheim/ beredskapsheimane vera barn i alderen 0-10 år. I tillegg skal barn med særlege behov prioriterast. Eksempel på dette kan vera dei aller yngste barna (0-3 år), engstelege barn, barn med ukritisk åtferd og barn med sterkt behov for struktur og grenser. I utvalet var det totalt 4 jenter og 5 gutar som hadde vore plasserte i beredskapsheimane over kortare eller lengre tid og av ulike årsaker. Nesten halvparten av barna var i alderen 0-1 år (4 av 9), 3 barn var i alderen 2-4 år og 2 barn var i alderen 6-7 år ved plassering. Alle plasseringane fylte alderskriteriet for plassering i beredskapsheimar. Vi fann også eksempel på engstelege barn, barn med ukritisk åtferd og barn med sterkt behov for grenser og struktur i utvalet. Dei fleste barna med særlege behov hadde også manglande ferdigheiter på ulike område, som måtte arbeidast med i beredskapsheimen. Det mest framstående behovet for barna i utvalet var derimot best mogeleg omsorg i trygge omgjevnader.

## **Inntaksrutinar.**

I forhold til inntaksrutinar i beredskapsheimane kan plassering av barn skje anten *direkte i beredskapsheimen, via Breimyra barneheim* eller *frå Breimyra barneheim*. *Direkteplassering* i beredskapsheimen inneber at barnet ikkje har vore innom Breimyra barneheim i samband med plasseringa. *Via Breimyra barneheim* inneber at barneverntenesta bringar barnet til barneheimen, og at beredskapsheimen kjem dit og hentar barnet. *Frå Breimyra barneheim* inneber at barnet har vore innskriven på Breimyra barneheim i kortare eller lengre tid. I oversikten ovanfor ser vi at 5 av plasseringane skjedde via eller frå Breimyra barneheim, medan 3 av plasseringane skjedde direkte i beredskapsheimen frå heimen, mødreheim eller fødeavdeling.

I 3 av plasseringane som skjedde via eller frå Breimyra barneheim var barnas opphald på barneheimen svært kort, frå eit par timar til eit par dagar (sak 3,4,8). Opphaldet på Breimyra barneheim var grunnlagt med at plasseringa skjedde på ettermiddagstid eller i samband med helg. I slike tilfelle er hovudregelen at barna skal innom Breimyra barneheim før evt. vidareplassering. 2 av plasseringane skjedde *frå Breimyra* etter at barna hadde hatt opphald der på 6-7 månader (sak 5,7). Dei 3 plasseringane (sak 1,2,6) som vart gjort direkte i beredskapsheimen, vart utført av barneverntenesta i ordinær arbeidstid.

*Prinsippet om at barna skal innom Breimyra barneheim viss plasseringa skjer utanom ordinær arbeidstid* har vore eit drøftingstema mellom Breimyra barneheim og Barne- og familiekontoret. Det går ikkje fram av prosjektskissen kvifor ordninga bør vera slik, men det er truleg for å tryggja barn i akutte situasjonar best mogeleg, samstundes som ein har ønska å skjerma beredskapsheimane på tidspunkt der mogelegheitene for oppfølging frå institusjonen er liten. Frå Barne- og familiekontoret har det blitt påpeika at ei slik ordning kan medføra unødige flyttingar av barnet, noko som bør unngåast. Frå beredskapsheimsforeldre er det uttala at dei synest gjerne barn som skal i beredskapsheim kan plasserast direkte i heimen sjølv om det er kveld/natt eller helg. Dei har trass alt beredskap på døgnbasis, og barna vil sleppa ei ekstra overføring. På den andre sida er det ikkje alltid det er klart om barnet skal i beredskapsheim eller institusjon. I slike situasjonar kan det vera ein fordel å avklara situasjonen på barneheimen. Frå evalueringssynsstad er det viktig at praktiseringa av prinsippet blir vurdert i forhold til den einskilde plassering og det einskilde barns beste.

## **Typar plasseringar - målsetjing.**

Breimyra barneheim/beredskapsheimane deler typane plassar inn i *kriseplassar*, *utgreiingsplassar* og *omsorgsplassar*, avhengig av målsetjinga med plasseringane. Vi skal nedanfor gi ein kort omtale av dei ulike plasseringane sett i forhold til om dei var planlagde eller akutte, og i forhold til målsetjingar med plasseringane.

Heile 7 av 8 plasseringar skjedde i utgangspunktet akutt, anten i Breimyra barneheim eller i beredskapsheimane. Den eine plasseringa som skjedde *planlagt*, var ein baby som vart overført direkte frå fødeavdelinga til beredskapsheimen (sak 6). I denne plasseringa hadde beredskapsheimen visst om plasseringa eit par månader på førehand. Målsetjinga med plasseringa var «midlertidig omsorg» medan barneverntenesta gjorde ei utgreiing av den framtidige omsorgssituasjonen til barnet. Denne målsetjinga vart etter kort tid endra til Fylkesnemndsbehandling.

I 2 av kriseplassingane på Breimyra barneheim (sak 5,7), vart barna etter lengre opphald (6-7 mnd.) på institusjonen og etter endra målsetjingar undervegs, vidareførte til beredskapsheim som *planlagde* plasseringar. Den langsiktige målsetjinga for begge desse plasseringane var fosterheimsplassering, og barna vart etter akutfasen overførte til såkalla omsorgsplassar i påvente av Fylkesnemndsbehandling og eigna fosterheim.

I dei 5 resterande plasseringane måtte beredskapsheimane på kort varsel anten henta barnet på barneheimen eller ta imot det direkte i heimen. 2 av desse plasseringane hadde klare målsetjingar om Fylkesnemndsbehandling, medan 3 av plasseringane hadde som målsetjing avlastning eller «midlertidig omsorg» og deretter heimreise. I ei av plasseringane vart målsetjinga endra frå avlastning til Fylkesnemndsbehandling, og det vart gjort vedtak om forbod mot flytting av barnet frå institusjonen. Etter klage frå foreldra vart dette vedtaket oppheva, og barnet flytta heim att slik den opphavlege målsetjinga var.

Ei av desse sakene (sak 8) var spesiell på den måten at barnet først var 1 veke i beredskapsheimen, for deretter å bli flytta til fosterheim, under vidare oppfølging av beredskapsheimsmor. Denne plasseringa blir omtala nærare i kapitlet: «Utprøving av spesielle tenester og ordningar knytta til dei ulike plasseringane».

Gjennomgangen ovanfor syner at 5 av 8 plasseringar i beredskapsheimane skjedde akutt, utan at det var særleg lang tid å førebu seg. Dei fleste plasseringane hadde dermed eit krisepreg som sette særlege krav til

beredskapsheimane. Etter at akuttsituasjonen var overstått, var det viktigaste oppdraget til beredskapsheimane å gi barna god omsorg. I forhold til ulike typar plassar som blir omtala først i avsnittet er det dermed *kriseplassar* og *omsorgsplassar* som har vore aktuelt i prosjektperioden.

Ingen barn har blitt søkte inn på planlagt *utgreiingsplass*. Utgreiing av barnet har derimot blitt førespurd om i eit par tilfelle etter at barnet har blitt kriseplassert, og som del av ein meir langsiktig tiltaksplan. Resultata frå prosjektperioden tyder på at det akutte behovet for kriseplassar har vore overordna det meir langsiktige behovet for utgreiingar. Utgreiingstenesta vil bli nærare omtala under eige punkt.

Når det gjeld dei langsiktige målsetjingane for plasseringane har vi sett at i heile 6 av 8 plasseringar var siktemålet Fylkesnemndsbehandling/fosterheimsplassering. Dette er eit tydeleg uttrykk for at det er alvorlege barnevernsaker det er tale om, og at det er reint unntaksvis at beredskapsheimane blir brukt som ledd i ein førebyggingsstrategi.

### **Opphaldstid.**

Beredskapsheimane har som føremål å vera eit *korttidstilbod* til barn i kriser og/eller der det er behov for utgreiingstenester. Kort tid skal som hovudregel vera inntil 3 månader, og berre unntaksvis skal opphaldet i beredskapsheimane vara lengre enn dette. For barna i utvalet var opphaldstida 3 månader eller kortare i 4 plasseringar. 1 plassering varte i 5 månader, og 3 plasseringar varte i omlag 1 år. Intensjonen om korttidsopphald var dermed berre oppfylt i halvparten av plasseringane.

Dei vanlegaste grunnane til dei langvarige opphalda var uklare målsetjingar som vart endra undervegs, og at det tok lang tid å skaffa eigna fosterheimar. I plasseringar med uklare målsetjingar var det gjerne ulike oppfatningar frå sosialkontor, foreldre og Breimyra barneheim om kva omsorgsalternativ som var best for barnet, noko som gjorde at beslutningar vart utsett. I ein periode var det særleg lang ventetid for å få sakene behandla i Fylkesnemnda.

Det er ei utbreidd oppfatning at det er uheldig for eit barn å vera midlertidig plassert over lang tid før meir permanent plassering blir føreteke. Dette gjeld særleg for dei yngste barna, på grunn av den tilknytning som skjer til omsorgspersonane. I dei 3 langtidsplasseringane var barna i alderen 7 år, 6 år og 1,5 år. Alle 3 barna gjorde store framskritt på ulike funksjonsområde under opphaldet i beredskapsheimane. Det var også tydelege endringar i barnas

emosjonelle tilstand, og når det galdt tilknytning til beredskapsheimsforeldra. I kva grad dei langvarige opphalda i institusjon/beredskapsheim har fått uheldige verknader for barna i ettertid, har vi ikkje opplysningar om. Frå intervju med beredskapsheimsforeldra veit vi derimot at flytteprosessane i desse sakene var svært «tøffe» å gjennomføra, både for barna og beredskapsheimane.

Langvarige plasseringar er ikkje spesielt for beredskapsheimane som er knytta til Breimyra barneheim. Det er ei utfordring for det fylkeskommunale barnevernet generelt sett å medverka til at midlertidig plasserte barn blir vidareplasserte snarast mogeleg. Det er også eit kommunalt ansvar å syta for at planar og avtalar som gjeld barnet er klarast mogeleg, og at saksbehandlinga ikkje tek lengre tid enn nødvendig. Det er vanskeleg å sjå at Breimyra barneheim kunne ha framskunda flytteprosessen i dei aktuelle sakene i særleg grad. Sett frå evaluators side har institusjonen heile tida vore ein pådrivar for klare avtalar og planar, og for å skapa ein best mogeleg situasjon for barna.

### ***Utprøving av spesielle tenester og ordningar knytta til dei ulike plasseringane:***

Utgangspunktet for evalueringa var å vurdere om beredskapsheimar knytta til Breimyra barneheim kunne gi ei god ramme for arbeidet omkring det einskilde barn, og om ei slik tilknytingsordning kunne tilføra *nye dimensjonar* til arbeidet med kriseplasseringar av barn; særleg med tanke på besøksordningar, rettleiing og utgreiing. Vi skal nedanfor gi ein oversikt over «bruken» av Breimyra barneheim og beredskapsheimane i samband med dei ulike plasseringane.

- Utgreiing og observasjon av psykolog: 2 saker (*vart endra*)
- Bruk av institusjonen sine møtelokale: alle saker
- Samarbeid om besøksordning: 2 - 3 saker
- Institusjonen som «avlaster»: 1 sak
- Overføring av barn frå institusjon til beredskapsheim: 2 saker
- Modell for samarbeid om tilbod for framandspråkleg barn: 1 sak
- Ulike rettleiingsmodellar: sjå eige avsnitt

### **Utgreiing og observasjon av psykolog.**

Ei av hovudproblemstillingane knytta til prosjektet galdt beredskapsheimane sin nytte og bruk av utgreiingstenesta ved Breimyra barneheim. Barne- og

familiekontoret ønska å få erfaring med bruk av faste utgreiarar med sosial-og psykologfagleg kompetanse, og ein ønska å få vurdert korleis barneheimen og beredskapsheimane kunne samarbeida om utgreiingsarbeidet.

I løpet av prosjektperioden var det berre i to saker at det var førespurnad om utgreiingsoppdrag frå sosialkontoret si side. I den eine av desse sakene vart oppdraget trekt tilbake fordi sosialkontoret vurderte at det var tilstrekkeleg med dei observasjonar som vart gjort av og i beredskapsheimen. I den andre saka utførte psykologen ved Breimyra barneheim eit utgreiingsoppdrag knytta til barnets behov og problem. Formelt sett vart oppdraget utført av BUP, Åsane, som psykologen også hadde eit arbeidsforhald til. I ei 3.de sak utførte psykologen observasjonar av eit barns fungering i beredskapsheimen, men utan at dette var knytta til eit særleg utgreiingsoppdrag. For dei andre sakene der det var aktuelt med utgreiingar knytta til Fylkesnemndsbehandling ønska barneverntenesta å ha ansvar for dette sjølve, evt. med hjelp av eigne innleigde utgreiarar.

Beredskapsheimane sin nytte og bruk av Breimyra barneheim si psykolog- og utgreiingsteneste har dermed vore svært avgrensa, og den har hatt lite tyding for utviklinga av beredskapsheimsordninga. Om den avgrensa bruken av utgreiingstenesta i beredskapsheimane skuldast at barneverntenesta ikkje har behov for denne type teneste, er det ikkje grunnlag for å seia noko om. Det bør nemnast at i løpet av prosjektperioden hadde ein eit skifte av psykolog, og dermed eit lengre tidsrom utan psykolog knytta til institusjonen. Dette medførte at for eit par plasseringar var det ikkje noka utgreiingsteneste å tilby.

På grunn av at tenesta har vore så lite i bruk, er det ikkje mogeleg å evaluera verken bruken av faste utgreiarar eller samarbeid om utgreiingar mellom institusjonen og beredskapsheimane i denne samanheng. For vidare utvikling av beredskapsheimsordninga er bruken av utgreiingstenesta knytta til institusjon eit område som bør vurderast nærare.

### **Bruk av Breimyra barneheim sine møtelokale.**

Reint fysisk har Breimyra barneheim blitt nytta som arena for rettleiingssamtalar, samarbeidsmøter og ansvarsgruppemøter. Dette gjeld meir og mindre i alle sakene. Fleire informantar har uttala at det har vore ein stor fordel å ha tilgjengelege lokale for rettleiing og møte utanom beredskapsheimane. På den måten har ein kunna oppretthalda eit fysisk skilje mellom den daglege omsorg for barna og dei meir administrative og faglege prosessane. Ein foreldre uttala at det var vanskeleg å konsentrera seg på møta



som vart haldne i beredskapsheimen, fordi barnet var i naborommet. Beredskapsheimsforeldra ga uttrykk for at det var godt å skjerma heimen mest mogeleg for møteaktivitetar.

I ei sak har ein nytta seg av Breimyra barneheim sine lokale og utstyr i samband med treningsopplegg for eit barn. Dette var ei sak der barnet allereie hadde flytta ut av beredskapsheimen, men der beredskapsheimsmor hadde oppfølging av barnet i ein periode etter flytting. Det var dermed ikkje naturleg å ha treningsopplegget i beredskapsheimen. Vanlegvis ville slike treningsopplegg kunna føregå i beredskapsheimen.

At beredskapsheimane kan nytta seg av institusjonen sine lokale i visse samanhengar er utan tvil ei god ordning. Sjølvstøtt er det mogeleg at beredskapsheimar som ikkje er knytta til institusjonen også kunne få ein slik avtale med ein eller fleire institusjonar, men dette ville truleg krevja langt meir administrasjon å gjennomføra.

### **Samarbeid om besøksordning.**

Ei viktig problemstilling i prosjektet var å prøva ut om ein kunne ha ein kombinert bruk av beredskapsheim og institusjon i samband med besøk av pårørande. Ein tenkte særleg på tilfelle der det var aktuelt at foreldre skulle overnatta, eller der det var bestemt at besøka skulle gjennomførast med tilsyn. Bruk av institusjonen i slike tilfelle kunne vera ei god støtte for beredskapsheimane, og det kunne letta gjennomføringa av besøk som var særleg krevjande.

Frå prosjektperioden har vi ingen eksempel på denne type samarbeid mellom institusjonen og beredskapsheimane. I dei fleste saker har besøka føregått i beredskapsheimane og inngått som ein del av opplegget der. I 2-3 saker var det svært nyttig for beredskapsheimane å ha ein institusjon i bakhand når det galdt administrering og avvikling av besøk av pårørande. I ei sak visste ein sjeldan om mor kom til avtala tid eller ikkje. Ein gjorde då avtale om at sosialkontoret og mor skulle kontakta Breimyra barneheim når dei kom på besøk, og at beredskapsheimen skulle bringa barnet til institusjonen når dei visste at mor var på veg. Dette var ei svært god ordning for beredskapsheimen; som både slapp å administrera ei ustabil ordning, og som slapp å førebu seg på besøk som ikkje vart noko av. I ei anna plassering vart det arrangert besøk av barnets søsken på institusjonen. Dette var ei grei ordning fordi barnet var kjent på institusjonen frå før av, og det var ikkje ønskeleg å involvera beredskapsheimen i sjølve besøket.

Samla sett har ein ikkje fått prøvd ut så mange av dei mogelegheitene som ein tenkte seg på førehand, når det gjeld ein kombinert bruk av beredskapsheim og barneheim i forhold til besøksordningar. Dette kan vera tilfeldig, eller det kan tyda på at andre løysingar enn bruk av institusjonen er meir aktuelle. I dei fleste saker er det både naturleg og ønskeleg at besøka føregår i beredskapsheimen, medan i nokre saker er det aktuelt at barnet må bringast til foreldra; t.d. viss foreldra er innlagde i behandlingstilstand.

Verdien av mogelegheitene for kombinert bruk av institusjon og beredskapsheimar når det gjeld besøksordningar er dermed vanskeleg å vurdere. Sjølv om ordninga har vore lite brukt, så kan den ha stor tyding i einskildsaker, og den kan ha tyding som ein *mogeleghet* å ha i bakhand. I forhold til dei forventningar ein hadde i utgangspunktet, er det likevel rimeleg å oppsummera at *tilknytingsordninga* mellom institusjon og beredskapsheimar har hatt relativt liten innverknad på utvikling og utprøving av nye dimensjonar i besøksordningane.

### **Breimyra barneheim som «avlastar» for beredskapsheimane.**

Det var berre i 1 sak at det var aktuelt med eit avlastningsopplegg knytta til plassering i beredskapsheimen. Dette var ei plassering der beredskapsheimsmor i ein periode måtte til behandling hos lege, og var avhengig av barnepass. Det var ikkje tale om noko avlastningsopphald på døgnbasis, men berre timeavlastning nokre dagar. At det ikkje har vore aktuelt med fleire avlastningsopplegg kan tyda på at beredskapsheimane har greidd jobben utan ei slik støtteordning. Det er likevel ein mogeleghet som kan koma til nytte i særlege høve, og som truleg vil vera lettare å praktisera for heimar som er knytta til institusjon, enn for dei andre beredskapsheimane som ikkje er knytta til institusjon.

### **Overføring av barn frå institusjon til beredskapsheim.**

Flytting av barn frå eit omsorgstilbod til eit anna er sjeldan ønskeleg. I langvarige institusjonsplasseringar kan det likevel bli vurdert at ulempene ved ei ekstra flytting av barnet til beredskapsheim kan oppvegast av at dette kan vera eit betre tilbod for barnet på lengre sikt. Ein beredskapsheim knytta til institusjon bør vera eit godt utgangspunkt for å få til ei gradvis overføring av eit barn.

I 2 saker har barn blitt flytta frå institusjon til beredskapsheim etter lengre opphald på institusjonen. Miljøarbeidarar frå institusjonen følgte i desse

plasseringane opp barna og beredskapsheimane, og heldt kontakten med barneverntenesta. Sosialkontoret uttala i ei av sakene at det var avgjerande for beslutninga om overføring av barnet til beredskapsheim, at heimen var knytta til Breimyra barneheim. Dette gjorde at dei kunne fortsetja å samarbeida med dei same personane som tidlegare, og at dei slapp å begynna på nytt.

For barna sin del var det truleg ein fordel å kunna bli følgt opp av «sin» miljøarbeidar sjølv om dei budde ein annan stad. Miljøarbeidaren fungerte også som eit bindeledd tilbake til institusjonen og for oppretthalding av barnets kontakt med kjenningar der. Om sjølve ordninga sett frå Breimyra barneheim og beredskapsheimane si side, syner vi til punktet om ulike rettleiingsmodellar.

### **Modell for samarbeid om tilbod til framandspråkleg barn.**

Dette var ei plassering som galdt eit framandspråkleg barn som vart akutt plassert på Breimyra barneheim og vidareført til beredskapsheimen etter nokre få timar. Barnet kunne ikkje norsk, var svært engsteleg, hadde aldri vore borte frå mora tidlegare og hadde opplevd dramatiske hendingar i samband med plasseringa. Etter ei veke i beredskapsheimen vart det vurdert at plasseringa ikkje fungerte godt nok for barnet, og ein greidde å skaffa ein fosterheim som kjente barnet frå før av. I løpet av tida i beredskapsheimen var det likevel oppstått eit tillitsforhald mellom beredskapsmor og barnet. Dette resulterte i at barneverntenesta ba om at beredskapsmor måtte følgja opp plasseringa vidare. Oppfølginga frå beredskapsheimen varte i omlag 3 månader. Barnet var i heile denne perioden innskriven ved Breimyra barneheim/beredskapsheimen.

Denne plasseringa og oppfølgingsmodellen var spesiell på fleire måtar, og den har reist spørsmål undervegs både frå barneverntenesta, Barne- og familiekontoret og Breimyra barneheim/beredskapsheimen. Eit hovudspørsmål galdt det fylkeskommunale tilbodet til framandspråklege barn som treng krise-plassering. Barneverntenesta ga klart uttrykk for at dette var ei problemstilling som fylkesbarnevernet burde setja på dagsorden, og at det burde vera ein beredskap eller i det minste nokre strategiar for korleis ein skulle forhalda seg i slike saker.

Ettersom det ikkje var noko eigna tilbod for krise-plassering av framandspråklege barn var det i stor grad opp til Breimyra barneheim og beredskapsheimen å takla plasseringa best mogeleg i samarbeid med barneverntenesta. Modellen som vart utvikla var spanande både i forhold til samarbeid mellom ulike partar og fagleg innhald. Beredskapsheimen fekk ansvar for rettleiing og oppfølging av barnet og fosterheimen, liknande det ansvaret miljøarbeidarane

hadde i saker som var overført frå barneheimen til beredskapsheimen. Beredskapsheimsmor hadde også etter ønske frå barneverntenesta, kontakt med mor og søsken til barnet.

Det vart reist spørsmål ved denne spesielle måten å bruka ein beredskapsheim på. Det var jamnlege drøftingar mellom fylkesbarnevernet, Breimyra barneheim og barneverntenesta om dette var ei ordning som kunne halda fram. For barnet sin del fungerte ordninga svært bra, og for beredskapsheimen var det ei utfordrande erfaring å ha med seg. For Breimyra barneheim var det spanande å prøva ut ei heilt ny samarbeidsform, og å kunna gi barneverntenesta eit skreddarsydd tilbod i ein periode.

Frå fylkesbarnevernet si side er det klart at det er inga løysing å ha ein «bank» med fosterheimar som representerer alle aktuelle nasjonalitetar og kulturar. Som barneverntenesta ga uttrykk for er det likevel viktig å ha strategiar for kriseplassingar av framandspråklege barn. Om det er ei god ordning generelt sett å bruka beredskapsheimane slik det vart gjort i denne saka, er vanskeleg å seia. Det viktigaste i plasseringar der ein ikkje har noko ferdig tilbod i utgangspunktet, er truleg samarbeidet mellom barneverntenesta og fylkesbarnevernet. I denne samanheng er det av stor tyding at barneheim og beredskapsheimar kan brukast fleksibelt, noko den aktuelle plasseringa var eit godt eksempel på.

### ***Fagleg arbeid og innhald.***

Beredskapsheimane skal først og fremst vera «fosterheimar» der hovudfunksjonen er omsorgsarbeid. I prosjektet var det eit ønskemål å prøva ut ulike måtar som Breimyra barneheim og beredskapsheimane kunne ha nytte av den nære tilknytninga. Eit spørsmål som vart reist frå barneheimen si side var korleis erfaringar frå institusjonsarbeidet kunne koma til nytte i beredskapsheimane. På denne bakgrunn vart det lagt opp til at det faglege arbeidet i beredskapsheimane skulle ta utgangspunkt i metodisk miljøarbeid. Utfordringa med eit slikt opplegg var, sett ifrå Barne- og familiekontoret si side, blant anna å greia å kombinera miljøarbeid med dei omsorgsfunksjonane som ein beredskapsheim først og fremst skulle ha.

I det følgjande vil det bli gjort greie for miljøarbeid som metode, og ein vil gjennomgå erfaringar med bruk av ulike hjelpemiddel i arbeidet slik som observasjonar, tiltaksarbeid, ulike typar planar og rapportskriving. Synspunkt og vurderingar frå prosjektdeltakarane vil bli trekt fram undervegs.

### **Miljøarbeid som metodisk tilnærming.**

Metodisk miljøarbeid har vanlegvis vore knytta til arbeid innanfor barneverninstitusjonar eller psykiatriske insitusjonar. I prosjekt «beredskapsheimar knytta til Breimyra barneheim» ønska ein å prøva ut om arbeidsmåtar frå institusjonsarbeidet også kunne vera nyttige for arbeidet i beredskapsheimane. I prosjektplanen er metodisk miljøarbeid forklara slik: «å til ei kvar tid vita *kva* ein gjer, *når* ein gjer det og *kvifor* ein gjer det.» Dette inneber særleg å vera konkret og målretta. For å utføra metodisk miljøarbeid i samband med sjølve opphaldet nyttar ein seg blant anna av følgjande arbeidsreiskapar: Observasjon, tiltaksplan, tiltak, utgreiingsplan og evaluering. Det er også lagt stor vekt på skriftleg dokumentasjon i form av dagsrapportar, oppsummeringsrapportar, kriserapportar, sosialrapportar og utgreiingsrapportar.

Beredskapsheimane som er knytta til Barne- og familiekontoret nyttar seg også av fleire av desse arbeidsreiskapane, men utan at dette er sett inn i ei bestemt miljøterapeutisk ramme. Utgangspunktet for beredskapsheimar som alternativ til institusjonsplassering har vore ei erkjenning av at dei fleste barn og særleg yngre barn, vil ha det betre i ein mest mogeleg vanleg heim enn på ein institusjon. Av denne grunn har ein vektlagt omsorgsfunksjonen i beredskapsheimane, medan utgreiingar og observasjonar har vore sidefunksjonar. For beredskapsheimane knytta til Breimyra barneheim har ein bevisst valt miljøarbeid som ramme for arbeidet, medan omsorgsarbeid er ein av fleire funksjonar som skal utførast, avhengig av målsetjinga for opphaldet.

Korleis denne ulike vektlegginga mellom miljøarbeid og omsorgsarbeid har gitt seg utslag i praksis er vanskeleg å vurdera. Ikkje minst fordi ein i evalueringa ikkje har hatt tilgang til å samanlikna arbeidet i dei to «typane» beredskapsheimar. Ettersom samtalane var lagde opp rundt erfaringar med den einskilde plassering har det heller ikkje vore noko systematisk evaluering av kvar einskild arbeidsreiskap eller metode. Det har derimot vore stilt spørsmål ved korleis arbeidet har fungert med rapportskrivning, observasjonsoppgåver, bruken av ulike planar osv., og om dette har gitt ei god ramme for arbeidet med det einskilde barnet.

### **Observasjonar. Registreringsskjema.**

Dei første 14 dagane av opphaldet i beredskapsheimen føregår det ein generell observasjon av barnets fungering. Observasjonane blir nedteikna på eit registreringsskjema, som i utgangspunktet er likt for alle. Etter den første observasjonsperioden blir det utarbeida ein tiltaksplan for barnet, der det går fram kva utviklingsområde som skal arbeidast med i ein bestemt periode. I

denne perioden nyttar ein seg av eit spesielt skjema som er tilpassa områda i planen.

Observasjonar og registreringar er to sider av same sak. Utan nedteikning av observasjonane er dei lite verd, samstundes som vurderingar som ikkje er basert på observasjonar kan vera lite å halda seg etter. Ein stor del av rettleiinga den første tida har gått med til opplæring i nettopp denne type systematisk arbeid. Erfaringane frå prosjektet er i hovudsak at dette har vore ein nyttig arbeidsmåte, og at både observasjonane og registreringane har vore ein føresetnad for dei ulike oppsummeringane og rapportane som skulle lagast undervegs.

Ei utfordring for beredskapsheimsforeldra har vore å registrera observasjonane nærast mogeleg i tid etter at dei er gjort. Dette er sjølv sagt tale om erfaring, men det har også å gjera med dei andre funksjonane som skal ivaretakast i beredskapsheimen slik som omsorgsarbeid. Ei beredskapsheimsmor uttalte at det kjentest ikkje heilt godt å måtta setja seg ned under barne-TV og fylla ut registreringskjema, når ho helst burde hatt ei kosestund med barnet.

Frå evalueringssynsstad synest det rimeleg at observasjonar og registreringsarbeid bør kunna gjennomførast utan at det går utover omsorgsarbeidet i særleg grad. Når ein er kjent med dei generelle observasjonstema vil dette arbeidet føregå meir og mindre automatisk. Dei spesielle observasjonane er vanlegvis tids-og/eller situasjonsavgrensa, og bør dermed kunna tilpassast andre gjeremål.

### **Tiltaksarbeid.**

Tiltaksarbeidet omfattar dei område som skal arbeidast særleg med i forhold til barnet. Vanlege tiltaksområde er:

- omsorg og støtte
- grensesetjing
- strukturering og tilrettelegging
- modell-læring
- avlæring av negativ åtferd
- stimulering av positiv åtferd
- stimulering av nye ferdigheiter

Beredskapsheimsforeldra har gitt uttrykk for at å arbeida med ulike tiltak eller utviklingsområde med barna har vore ei av dei mest engasjerande og utfordrande arbeidsoppgåvene dei har hatt. Oppgåvene og utfordringane har variert sterkt frå barn til barn; ifrå babyen som trengte vanleg omsorg og

stimulering, til skolejenta eller guten som hadde mange traumatiske opplevingar bak seg, og som trengte ekstra mykje både av omsorg og trening på ulike område.

I dei aller fleste plasseringane har beredskapsheimsforeldra opplevd og registrert betring og utvikling hos barna på dei områda som har vore fokuserte på. Både beredskapsheimsforeldra og barna har opplevd meistring, og dette har vore noko av det mest givande og lærerike i heile jobben. Ifølge beredskapsheimsforeldra har tiltaksarbeidet ein del til felles med vanleg barneoppdragelse, sjølv om barna ofte har hatt særlege behov. På dette området har dei fleste beredskapsheimsforeldra eigne erfaringar, og synest det har vore meningsfullt å skulla gi både omsorg og oppdragelse.

### **Tiltaksplanar, utgreiingsplanar og overføringsplanar.**

Vi har allereie nemnt tiltaksplanen som blir utarbeida etter omlag 14 dagars observasjonsperiode. Det er på dette grunnlaget det blir bestemt kva «tiltak» og utviklingsområde som skal fokuserast på, kva målsetjingar ein skal arbeida mot og ikkje minst korleis ein skal evaluera om måla er nådde. Di tydelegare målsetjingar, di lettare er det å måla resultata. Viss målet er å trenna opp barnet sin evne til konsentrasjon, kan eit relevant mål på dette vera kor lang tid barnet held på med ein bestemt aktivitet. Å måla om barnet har fått det betre reint kjenslemessig, kan vera vanskelegare. Det er ikkje alle prosessar som er like lett å observera, og dermed må ein gjera vurderingar basert på meir generelle inntrykk av barnets fungering.

Sjølve utforminga av tiltaksplanen er viktig; både at måla er tydelege og at det er knytta konkrete handlingplanar til dei. Det er også viktig å hugsa at ein plan berre er ein plan, og at denne skal vera eit hjelpemiddel til å utføra eit målretta arbeid. Endringar og tilpassingar undervegs er nødvendig for at planen skal vera eit fleksibelt verktøy.

Erfaringane med bruk av planar i prosjektet har i hovudsak vore positive. Planane har blitt brukte aktivt i rettleiingsarbeidet og i samarbeid med sosialkontoret (og foreldre). Dei har vore informative og nyttige i forhold til det daglege arbeidet og i forhold til oppsummeringar og rapportskriving.

Utanom tiltaksplanen er det vanleg med ein overflyttings- eller utskrivingsplan, og i nokre tilfelle ein utgreiingsplan. Utgreiingsplanen tek utgangspunkt i ei meir eller mindre konkret bestilling frå sosialkontoret, men planen fungerer elles på same måte som tiltaksplanen. I prosjektperioden hadde vi ingen

utgreiingplanar som vart utført i regi av Breimyra barneheim/beredskapsheimen.

Når det gjeld overføringsplanar har det i nokre tilfelle vore vanskeleg å følgja desse på alle punkt. Dette skuldast i hovudsak at overføringsplanane i langt større grad enn tiltaksplanane involverer instansar utanfor beredskapsheimen/Breimyra barneheim, og at det dermed er mange utføresette faktorar som kan verka inn undervegs. I merknader frå sosialkontor har det kome fram at overføringsplanane i nokre tilfelle har vore svært idelle og lite tilpassa forholda utanom institusjon/beredskapsheim. Dette har reist ein diskusjon om forholdet mellom fokus på barnet og fokus på foreldre/omgjevnader, og der det kan sjå ut til at sosialkontoret både er nøydd til og i nokon grad greier, å ivareta eit breiare syn på saka enn institusjon/beredskapsheim.

### **Rapportskriving.**

I tillegg til observasjonar med tilhøyrande registreringar skal det også skrivast rapportar av ulike slag. Det er tale om dagsrapportar, oppsummeringsrapportar, sosialrapportar og utgreiingsrapportar. Dagsrapportane er i nokon grad overlappende med dei daglege observasjonane som blir nedteikna, men dei inneber også nedskrivning av observasjonar og vurderingar i «dagbokform». Parallelt med generelle og spesielle observasjonar av barnet følgjer det generelle og spesielle rapportskjema avhengig av kva periode av opphaldet det er tale om, barnets alder, og område som skal arbeidast med ifølgje tiltaksplanen.

Dei fleste beredskapsheimsforeldre synest det tek mykje tid å fylla ut dagsrapportskjema kvar einaste dag. Dette har vore eit tilbakevendande tema i rettleiingssamanheng, og i evalueringssamanheng. «Kvifor skal vi fylla ut det same skjemaet kvar dag i periodar når det ikkje skjer noko endring?» «Det er ikkje det same behovet for dagsrapportar i ein heim som i ein institusjon.» Som eit alternativ til dagsrapportskjema har beredskapsheimsforeldra i periodar nytta seg av dagbok, der dei har notert ned hendingar og opplevingar som dei sjølve har vurdert som viktige i løpet av ein eller fleire dagar. Rutinane for dagsrapportar har i praksis ikkje blitt følgt «slavisk», men kvar av beredskapsheimsforeldra har funne sin eigen måte å ivareta viktig informasjon på.

Frå rettleiarhald har det blitt presisert at dagrapportane er svært viktige, og at dei utgjer sjølve grunnlaget for dei senare rapportane som skal lagast. Beredskapsheimsforeldra er også samstemte i at det er viktig å ivareta dagleg



informasjon, men dei framhevar at rapporteringa må vera fleksibel og meningsfull.

Oppsummeringsrapportane blir laga for omlag 3 veker om gangen, og byggjer på dagsrapportane. Oppsummeringane er eit hjelpemiddel når tiltaksplanen skal reviderast, og er elles svært nyttige i framlegg av saka på ansvarsgruppe- og samarbeidsmøte med foreldre og sosialkontor.

Sosialrapport skal sendast sosialkontoret i samband med utskriving. Denne rapporten gjer greie for barnets fungering på det motoriske, kognitive, emosjonelle og sosiale plan med utgangspunkt i barnets alder. Barnets tiltaksplan og det arbeidet som er utført i løpet av opphaldet blir gjort greie for, og rapporten blir avslutta med forslag til vidare tiltak for barnet.

Beredskapsheimsforeldra har ansvar for å skriva utkast til sosialrapport, under rettleiing av strykarassistent/miljøarbeidar. I praksis har dette vore eit krevjande arbeid som i dei fleste tilfelle har blitt overteke/slutført av personen med rettleiingsansvar. Beredskapsheimsforeldra har ved fleire høve uttala at sosialrapporten er eit tungt arbeid som dei gjerne kunne vore utan. Dei har også uttala at dei andre beredskapsheimane i fylket har ei ordning som er betre, ved at konsulentane i stor grad tek seg av rapportskrivinga, medan beredskapsheimsforeldra kan konsentrere seg om omsorgsarbeidet. Ein særleg grunn til at arbeidet med sosialrapportane har blitt tungt, er at det ofte er lite tid mellom utskriving av eit barn til innskriving av det neste. Dersom sluttrapporten ikkje er ferdigskriven når eit nytt barn flyttar inn, er det svært vanskeleg å få konsentrert seg om skrivearbeidet som gjeld det utskrivne barnet. At sosialrapportar er vanskeleg å få utført har såleis både med rammer for arbeidet å gjera, og at det blir opplevd som vanskeleg reint fagleg.

Utgreiingsrapporten er resultatet av eit utgreiingsoppdrag frå sosialkontoret. Denne rapporten skal skrivast av psykolog og beredskapsheim i fellesskap, med psykologen som fagleg ansvarleg. Som nemnt tidlegare har det ikkje blitt utført noko utgreiingsoppdrag i regi av Breimyra barneheim/ beredskapsheimen i løpet av prosjektperioden.

Erfaringane frå prosjektperioden er at rapportane i hovudsak blir vurderte som nyttige, men samstundes som tidkrevjande og tildels vanskelege å utforma. Med utgangspunkt i miljøarbeidsmodellen er det viktig at «miljøarbeidaren» sjølv skriv rapportar. Med utgangspunkt i at beredskapsheimane skal vera gode heimar med overskott til å gi omsorg og «oppdragelse», kan det vera grunn til å vurdere om denne delen av arbeidet i større grad kunne vore overlata til

retteleiar/konsulent. I denne samanheng er det også viktig å hugsa på at «miljøarbeidarane» i beredskapsheimane ikkje har nokon formell sosialfagleg bakgrunn, og at dei dermed vanlegvis har eit anna utgangspunkt enn miljøarbeidarane i institusjon. Frå evalueringssynsstad er dette eit viktig område å vurdera nærare.

### ***Rettleiing, opplæring, fagleg tilknytning.***

#### **Ulike rettleiingsmodellar.**

Utprøving av ulike modellar for rettleiing var eit av hovudpunkta som ein ønska å få erfaringar med i prosjektperioden. Frå Barne- og familekontoret vart det uttala at ein ønska å sjå på nytten av «jevn og strukturert veiledning av både psykolog og miljøarbeider». I Breimyra barneheim sin prosjektplan går det fram at rettleiinga skulle vera både prosess- og saksorientert. I praksis er alle desse rettleiingsformene utprøvde i større eller mindre grad, i tillegg til at det også har vore skilt mellom individuell rettleiing og grupperettleiing.

#### **Rettleiing frå styrarassistenten.**

Det første året av prosjektperioden (dei 4 første plasseringane) var storparten av rettleiinga tillagt styrarassistenten, som også var prosjektleiar. Det var i hovudsak tale om individuell rettleiing til den einskilde beredskapsheimen, og rettleiinga omfatta både saksrettleiing og prosess-og temaretteleiing. Den første tida var det særleg viktig med rettleiing og opplæring i observasjonsteknikkar, rapportering og handlingsplanar, og korleis dette arbeidet skulle kombinerast med omsorgsarbeidet overfor det einskilde barnet. Rettleiinga tok utgangspunkt i den einskilde beredskapsheimen sine behov, både med omsyn til tema for rettleiinga og kor ofte den skjedde. Stundom føregjekk rettleiinga i beredskapsheimen, og andre gonger i institusjonen. Beredskapsheimsfar var med på samtalanene av og til.

Tilbakemeldinga frå alle beredskapsheimane er at rettleiinga var god og konkret, og det var alltid mogeleg å få kontakt med rettleiar eller andre på institusjonen. I oppstartfasen var det truleg viktig for beredskapsheimane å kunna forhalda seg til ein person i både faglege og administrative spørsmål. I tillegg var det trygt å ha ein institusjon i ryggen når den faste rettleiaren var borte.

### **Delt rettleiing mellom psykolog og styrarassistent.**

I første del av prosjektperioden vart det vurdert at beredskapsheimane hadde best nytte av at rettleiinga vart gitt individuelt og av ein fast person. Psykologen hadde derfor ikkje fast rettleiingsansvar i denne perioden. I ei av plasseringane vart det derimot gjennomført eit Marte-Meo-opplegg, der beredskapsheimsmor og barnet vart tekne opp på video, og der ein brukte videomaterialet som utgangspunkt for samtale. Dette var ledd i eit observasjonsopplegg som galdt barnets fungering, og hadde ikkje direkte med rettleiinga å gjera.

Det siste året var rettleiinga delt mellom styrarassistenten som hadde saksrettleiing, og psykologen som hadde prosess- og temaretteleiing. Dette omfatta dei siste 4 plasseringane. Individuell saksrettleiing eller annan kontakt mellom styrarassistenten og den einskilde beredskapsheimen føregjekk oftast kvar veke, medan prosessrettleiing i grupper vart gjennomført omlag kvar 6. veke. Vurderinga av delt rettleiing mellom styrarassistenten og psykologen var god. Det fungerte svært bra å få fortløpande rettleiing på den einskilde sak av styrarassistenten, og at ein kunne gå grundigare inn i ulike opplæringstema saman med psykologen og den andre beredskapsheims-familien. Ei slik arbeidsdeling var også tilfredsstillande for styrarassistenten, som både vart avlasta for ein del oppgåver og som fekk ein nærare samarbeidspartnar å forhalda seg til.

Frå Barne- og familiekontoret tenkte ein i utgangspunktet at det kunne vera aktuelt å prøva ut *felles* rettleiing av psykolog og styrarassistent/ miljøarbeidar, for å vurdere om dette kunne gi nye innfallsvinklar til arbeidet med det einskilde barnet. Ein slik modell vart derimot ikkje utprøvd i prosjektperioden.

Beredskapsheimane i prosjektet framheva grupperetteleiinga, og kor nyttig det var å utveksla erfaringar med kvarandre. Sjølv om dei etter kvart var blitt kjente med ein del av miljøpersonalet, så hadde dei svært ulike arbeidssituasjonar som var vanskeleg å identifisera seg med. Det vart uttala i denne samanheng at beredskapsheimsfamiliane gjerne skulle ha vore enda fleire i gruppa, for å ha eit større fagmiljø å forhalda seg til.

### **Rettleiing frå miljøarbeidar.**

I siste del av prosjektperioden vart det prøvd ut ein rettleiingsmodell som innebar at miljøarbeidar hadde ansvar for individuell rettleiing av beredskapsheimen og oppfølging av barnet. Dette var ein av dei modellane som personalet på Breimyra barneheim ønskte å prøva ut. Utifrå prinsippet om best mogeleg kontinuitet og stabilitet i oppfølging av barn som skulle flytta frå institusjon til

beredskapsheim, tenkte ein seg ein modell der miljøarbeidar som hadde vore hovudkontakt for barnet på Breimyra barneheim, også skulle følgja opp barnet ei tid etter overføring til beredskapsheim. Miljøarbeidaren skulle også ivareta rettleiing med beredskapsheimsforeldre i forhold til arbeid med og omsorg for barnet, og skulle sjølv motta rettleiing av styrarassistenten ved Breimyra barneheim. Utanom at denne modellen ville ta omsyn til «barnets beste», så ville det også vera ein måte for miljøarbeidarar å få nye og utfordrande arbeidsoppgåver på.

Modellen vart prøvd ut i 2 saker. I begge tilfelle galdt det barn som etter lengre tid i institusjon (6 mnd.) vart overflytta til beredskapsheim. Det var to ulike miljøarbeidarar knytta til opplegget, medan det var den same beredskapsheimen som tok imot barna i begge tilfelle. Erfaringane frå utprøvinga var delte. Det var utan tvil positivt for barna å halda kontakt med miljøarbeidar som var kjent frå institusjonsopphaldet. Dette medførte også at barna lettare kunne oppretthalda ein viss kontakt med institusjonsmiljøet og kjente derifrå. At ein person som kjente barnet hadde ansvar for rettleiing til beredskapsheimsforeldra var også viktig for overføring av kunnskap og for å sikra kontinuitet i opplegget. På den andre sida er det ikkje alle miljøarbeidarar som ønskjer eller er kvalifiserte til å ha ansvar for fagleg rettleiing. Ei slik ordning ville derfor ikkje fungera i alle tilfelle. For beredskapsheimsforeldra kan det vera uheldig å skifta rettleiar for kvar plassering. For miljøarbeidarane vil det også vera vanskeleg å opparbeida kompetanse i rettleiing når slike oppdrag ville vera avhengig av at dei er hovudkontakt for eit barn som skal i beredskapsheim.

Miljøarbeidarane som deltok i prosjektet, ga uttrykk for at det var utfordrande og interessant å delta i ei slik ordning, men dei hadde ein del merknader dersom ordninga skulle halda fram. For det første var det ikkje sett av tid til meirarbeid for miljøarbeidarane i den perioden dei hadde oppfølging av beredskapsheimen. Dei hadde framleis ordinære plikter i institusjonen, noko som gjorde at det var vanskeleg å få tida til å strekkja til. For det andre var det ikkje alltid lett å kombinera arbeid i institusjonen med oppfølging av beredskapsheimen, fordi dette var to svært ulike måtar å arbeida på. Det var vanskeleg å delta på lik linje i fagmiljøet på institusjonen når både barnet og mange arbeidsoppgåver reint fysisk var andre stader. Eit tredje forhold som vart framheva frå miljøarbeidarane, var at dei hadde ansvar for ferdigstilling av ulike rapportar frå beredskapsheimen, noko som for dei andre beredskapsheims plasseringane var tillagt styrarassistenten. Dette var ei meirbelastning både fagleg og tidsmessig.

Erfaringane frå utprøving av denne modellen peikar i retning av at føresetnadene for at den skulle fungera ikkje var gode nok for miljøarbeidarane

sin del. Generelt sett ville det truleg vera betre med «faste» miljøarbeidarar til å følgja opp beredskapsheimane enn eit stadig skifte. På den andre sida har ein allereie prøvd ut ein kombinasjon av arbeid i institusjon og beredskapsheim for ein og same person (jfr. Fossen Thue 1990), med den konklusjon at dette ikkje var noka god løysing. Desse erfaringane tyder på at ei ordning med faste personar med hovudtilknytning til beredskapsheimsordninga truleg fungerer best. Dette tyder ikkje at det ikkje bør vera kontakt og samarbeid mellom beredskapsheimane og institusjonen. *Det viktige er truleg at dei to tiltaka kan utviklast som sjølvstendige einingar, som kan inngå eit samarbeid på dette grunnlaget.*

### **Opplæring, kurs.**

Utanom rettleiingsopplegget var det laga ein plan for vidare skolering av beredskapsheimane. Denne planen omfatta både «oppstartingskurs», tema-kveldar/kurs, hospitering på fagmøte/teammøte på Breimyra barneheim, deltaking på planleggings- og evalueringsmøte på Breimyra barneheim osv. Nokre kurs skulle vera felles med miljøpersonalet på barneheimen, medan andre skulle vera saman med dei andre beredskapsheimane i fylket.

Oppstartingskurset vart gjennomført før beredskapsheimane vart klarerte til å ta imot sine første barn. Dette kurset vart arrangert i samarbeid med Barne- og familiekontoret, og tema for kurset var blant anna innføring i ulike rutinar og arbeidsmåtar for beredskapsheimsforeldre. Deltakarar på kurset var også andre nyrekrutterte beredskapsheimar i fylket. Tilbakemeldinga frå beredskapsheimane er at oppstartingskurset var nyttig, og at det var spanande å koma saman med andre familiar som skulle utføra same type arbeid.

Tema for den vidare opplæringa var sorg- og krisearbeid, miljøarbeid, samtale med barn og foreldre, fosterheimsarbeid etc. Dei fleste av desse tema vart drøfta i rettleiingsgruppene i tillegg til på ulike kurs saman med miljøpersonalet eller dei andre beredskapsheimane i fylket. Utanom temadagar og kurs deltok beredskapsheimane av og til på fagmøte på institusjonen og på plandagar. Føremålet med å vera tilstades på fagmøte var først og fremst å bli kjent med arbeidsmåtene på institusjonen og det målretta arbeidet med kvart einskild barn. Beredskapsheimane syntest opplæringa og den faglege oppfølginga var god. Det vart gitt undervisning i relevante tema, og det var god læring i å ha både kurs/temakveldar og individuell- og grupperettleiing.

## **Fagleg tilknytning.**

Eit argument i samband med igangsetjing av prøveprosjektet var at beredskapsheimane kunne dra nytte av det faglege fellesskapet og miljøet ved Breimyra barneheim. Beredskapsheimane ville alltid ha nokon å venda seg til med spørsmål, og dei ville dessutan bli ein del av eit større miljø. Den første intensjonen om å ha ein institusjon «i ryggen» var absolutt ein fordel sett frå beredskapsheimsforeldra si side. Det varierte frå plassering til plassering kor ofte beredskapsheimane tok kontakt med institusjonen, men det at dei hadde mogelegheiten for å ta kontakt vart sett på som svært positivt.

Når det galdt det faglege fellesskapet knytta til institusjonen, var dette meir avgrensa. Dette var også itråd med Barne- og familiekontoret sitt synspunkt om at beredskapsheimane berre skulle delta i barneheimens møte- og kursverksemd når det var strengt relevant. Dette galdt også personalmøte (jfr. notat frå Barne- og familiekontoret). Beredskapsheimsforeldra var tilstades på planleggingsdagar og spesielle temadagar/seminar, men det vart ikkje lagt opp til deltaking i ordinære fagmøte.

Frå dei to miljøarbeidarane som var knytta både til institusjonen og til beredskapsheimane i ein periode, vart det dessutan tilbakemeldt at det kunne vera problematisk å få drøfta barna i beredskapsheimane på desse møta, blant anna fordi desse barna ikkje lenger var på institusjonen og dermed heller ikkje dei andre medarbeidarane sitt ansvar lenger. Å delta på felles fagmøte med så ulike oppgåver og rammer å forhalda seg til, hadde derfor avgrensa nytteverdi.

Beredskapsheimsforeldra uttalte at det faglege fellesskapet dei kjente seg knytta til først og fremst var dei andre beredskapsheimane; dette galdt både heimane som var knytta til Breimyra barneheim og etterkvart også dei andre fylkeskommunale heimane. Beredskapsheimsforeldra ved Breimyra barneheim var med på nokre kurs saman med dei andre fylkeskommunale heimane og dette vart vurdert som svært nyttig og lærerikt. Det var i denne samanheng dei kunne utveksla erfaringar og få råd om arbeid i tilsvarende situasjonar, og det var i denne gruppa dei kjente seg mest heime.

Etterkvart som beredskapsheimane vart innkøyrde fekk dei eit større behov for fagleg fellesskap og identifisering enn dei hadde i begynnelsen. Det vart ved fleire høve uttala at fagmiljøet var lite, og at dei skulle ønska at det hadde vore fleire beredskapsheimar knytta til Breimyra barneheim. I tillegg vart det stilt spørsmål ved korleis dei andre beredskapsheimane i fylket fungerte, og om dei hadde ein «lettare» arbeidssituasjon med mindre skrivearbeid og færre strukturerte oppgåver.

Slutningane ein kan trekkje utifrå desse synspunkta er at å arbeida som beredskapsheimsforeldre er grunnleggjande ulikt miljøarbeidarfunksjonen i ein institusjon. Dersom ein skal byggja opp eit fagleg miljø eller fellesskap er det derfor av stor tyding at beredskapsheimsforeldre har fagleg fellesskap med andre beredskapsheimsforeldre, anten som ein sjølvstendig avdeling knytta til institusjon eller knytta til Barne- og familiekontoret sentralt.

### ***Beredskapsheimar knytta til institusjon - oppsummering av synspunkt og erfaringar.***

Dei viktigaste aktørane i prosjektperioden har utanom barna vore Breimyra barneheim, beredskapsheimane, barneverntenesta og foreldre. Korleis ordninga med beredskapsheimar knytta til Breimyra barneheim har fungert, er i stor grad bestemt av samarbeidet mellom dei ulike aktørane, og kva oppfatningar og synspunkt dei ulike partane har hatt i samband med plasseringane og det faglege opplegget. Vi skal i dette punktet gjengi dei viktigaste erfaringane og synspunkta frå prosjektperioden, sett frå dei ulike aktørane si side.

#### **Synspunkt frå foreldre.**

Som nemnt innleiingsvis var det berre 2 av 8 foreldre som møtte til avtale for å bli intervjua om sine erfaringar med beredskapsheimsordninga. Dette var foreldre til barn i 2 kortvarige plasseringar som enda med heimføring. Tilbakemeldingane i desse 2 plasseringane var i hovudsak positive. Foreldra syntest at barna vart godt ivaretekne, og at beredskapsheimane gjorde ein god jobb. Det er likevel eit par synspunkt frå foreldra som kan nemnast.

Ein foreldre var særleg oppteken av foreldra sin bestemmelsesrett over barna under opphaldet i beredskapsheimen, når barna var friviljug plassert. Mor syntest det var urimeleg at ho ikkje «fekk lov» til å ta barna med på overnattingsbesøk medan dei var i beredskapsheimen, og ho vurderte å ta barna med heim etter denne episoden. Sjølv om denne mora rosa opplegget i beredskapsheimen, ville ho gjerne formidla at temaet om foreldres sjølvbestemmelsesrett burde snakkast meir om i samband med liknande plasseringar.

Eit anna forhold som vart nemnt av ei mor, var at ho sjølv også gjerne ville hatt meir tid i beredskapsheimen for sin eigen del. Ho hadde stort utbytte både personleg og i forhold til barnet av å samtala og vera saman med beredskapsheismor. Kva rolle beredskapsheimsforeldra skal ha overfor

foreldra er eit viktig rettleiingstema; ikkje minst fordi foreldre ofte kjenner seg forsømte av barnevernet, og dermed har særleg behov for personleg oppfølging. Verken temaet om foreldres bestemmelsesrett over barnet eller foreldres behov for oppfølging har noko med tilknytingsordninga mellom beredskapsheimane og institusjonen å gjera. Det er derimot tema som er viktige for utvikling av beredskapsheimsordninga generelt.

Når det galdt foreldra sitt forhold til Breimyra barneheim så var dette stort sett avgrensa til dei ulike møta. Samarbeidet var greitt, utan at dei hadde særlege forhold å tilbakemelda.

### **Synspunkt frå barneverntenesta.**

Samarbeidet mellom barneverntenesta og Breimyra barneheim/beredskapsheimane var i stor grad regulert av ulike møte. Dette kunne vera inntaksmøte, ansvarsgruppemøte og andre typar samarbeidsmøte knytta til kvar einskild plassering. Utanom møta var det gjerne telefonisk kontakt, og i nokre tilfelle var barneverntenesta tilstades i samband med gjennomføring av besøksordning, observasjonar av barnet o.l. Breimyra barneheim hadde stort sett ansvar for dei formelle sider av plasseringane, medan beredskapsheimane hadde ansvar for den praktiske gjennomføringa.

I nokre plasseringar var det ofte kontakt mellom barneverntenesta og Breimyra barneheim og/eller beredskapsheimen, og i andre tilfelle var det sjeldan kontakt. Tema for samarbeidet var ofte planar og avtalar knytta til opphaldet, framdrift i sakene og gjennomføring av besøksordning. Vi skal nedanfor oppsummera dei viktigaste synspunkta frå barneverntenesta; både synspunkt som trekte fram fordeler ved ordninga og samarbeidet, og synspunkt som var meir kritiske.

#### **a) Overordna synspunkt.**

*Breimyra barneheim og beredskapsheimane har gjort ein god jobb i alle plasseringane sett i forhold til dei planar og avtalar som vart inngått. Dette galdt både i forhold til særlege behov og treningsopplegg for barna og i forhold til vanlege omsorgsoppgåver. Breimyra barneheim har hatt ein viktig funksjon som pådrivar i det faglege arbeidet, og det har blitt gitt konkret hjelp til utarbeiding av målretta planar og avtalar for arbeidet. I fleire tilfelle utarbeidde Breimyra barneheim/beredskapsheimen overføringsplanar for barna, og dei var aktivt med i både rekruttering av fosterheimar og sjølve overføringsarbeidet. Besøksordninga vart i fleire tilfelle administrert av Breimyra barneheim eller beredskapsheimen, noko som var ei stor avlastning for barneverntenesta.*



At beredskapsheimane var knytta til Breimyra barneheim vart sett på som ein garanti for fagleg arbeid og oppfølging av beredskapsheimane: «Breimyra barneheim har ekspertise på barn og fokus på barnets beste». Reint praktisk var det greitt å kunna bruka barneheimen som møteplass og i nokre tilfelle til avvikling av besøk. Det var også ei god ordning å kunna overføra barn direkte frå intitusjon til beredskapsheim når dette var nødvendig, og framleis kunne forhalda seg til dei same personane i samarbeidet.

#### **b) Merknader til samarbeidet.**

I «møtet» med Breimyra barneheim var det mange diskusjonar om «barnets beste», og kva dette krevde av dei ulike partane i samarbeidet. Til dømes var det i fleire høve drøftingar om besøksavtalar og kor ofte besøka burde vera for barnet sin del. Barneverntenesta trekte fram kva som var realistisk og ønskeleg utifrå foreldra si side, og dette stod av og til i motsetnad til idealet om barnets beste. Det vart hevda av fleire barneverntenester at det kan bli for einsidig fokus på barnet, slik at ein ikkje tek omsyn til realitetane i saka.

Når det galdt planarbeidet, vart det særleg i ei overføring av eit barn til fosterheim påpeika at planane var svært detaljerte og «firkanta». Barneverntenesta hevda i eit par tilfelle at deira ekspertise vart lite verdsett i møtet med Breimyra barneheim, og at det var vanskeleg å få gjennomslag for andre oppfatningar. Det vart også stilt «strenge krav» til barneverntenesta om deira plikter i samarbeidet, og det var tildels lite forståing for den pressa arbeids-situasjonen som mange saksbehandlarar hadde.

Samla sett var barneverntenesta fornøgd med at Breimyra barneheim både var «vaktbikkje» for barnets beste, og for at det vart stilt krav til framdrift og oppfølging. Ein saksbehandlar uttrykte seg slik: «Vi var heilt trygge på at barnets beste vart ivareteke undervegs, og dermed kunne vi konsentrera oss om utgreiing og saksbehandling».

Om samarbeidet med beredskapsheimane var den gjennomgåande oppfatninga at «ungane kunne ikkje hatt det betre». Om dette resultatet hadde noko å gjera med sjølvve tilknytingsordninga mellom beredskapsheimane og barneheimen er vanskeleg å seia. Nokre saksbehandlarar uttrykte at det tette samarbeidet mellom dei to instansane var avgjerande for ein fleksibel bruk av tilbodet. Det vart også framheva at å ha ein institusjon i ryggen ga ein ekstra tryggleik for barneverntenesta. Trass i ein del kritiske merknader til samarbeidet med Breimyra barneheim, er tilbakemeldinga frå barneverntenesta klar og tydeleg: «Dette er ei ordning som vi har vore svært nøgde med».

## Synspunkt frå beredskapsheimane.

Beredskapsheimsforeldra var samstemte i at det hadde vore spanande og utfordrande å arbeida som beredskapsheimar. Oppfølginga frå Breimyra barneheim var svært god, både før dei tok imot sine første barn, og undervegs. Opplæringa var relevant og god, og dei hadde heile tida hatt institusjonen i ryggen. Ansvarsdelinga og arbeidsdelinga var tydeleg, og samarbeidet fungerte godt. Dei beste opplevingane sett frå beredskapsheimane si side var arbeidet med dei ulike barna, og å følgja utviklinga deira frå dag til dag.

Det området beredskapsheimane streva mest med, var som nemnt tidlegare registreringar og planar som følgte med arbeidet, utarbeiding av ulike rapportar, og å kombinera dette med omsorg for barn. Det var semje om at registreringar og rapportering var viktig, men det vart gjenteke at dette arbeidet måtte gjerast fleksibelt og tilpassast kvar einskild plassering. Det vart i denne samanheng referert til dei andre fylkeskommunale beredskapsheimane, og til at dei hadde mindre skrivearbeid og færre strukturerte arbeidsoppgåver.

Eit anna viktig punkt å oppsummera er beredskapsheimane sitt forhold til det faglege fellesskapet og tilknytninga til institusjonen. Det vart ved fleire høve gitt uttrykk for at fellesskapet med andre beredskapsheimsforeldre syntest å vera av større tyding enn samværet med institusjonspersonalet. Grupperettleiinga vart høgt verdsett, og felleskurs og samkomer med dei andre fylkeskommunale beredskapsheimane vart vurdert å vera til stor nytte og glede. Det å kunne utveksla erfaringar med andre i same arbeidssituasjon vart tillagt svært stor tyding, både for fagleg utvikling og identitet og for trivsel.

Beredskapsheimane hadde ikkje noko å utsetja på tilknytingsordninga til Breimyra barneheim, men det vart påpeika at det ville vore sterkt ønskeleg at ordninga kunne bli utvida med fleire heimar, slik at ein fekk eit større fagmiljø å forhalda seg til.

Når det galdt administrative ordningar for beredskapsheimane, var det eit forhold som vart nemnt fleire gonger. Det var at *friperiodane* mellom to plasseringar var for korte. Dette gjeld ikkje berre for heimane knytta til Breimyra barneheim, men for beredskapsheimane generelt sett. Det å måtta ta imot nytt barn samstundes som ein ikkje har avvikla arbeidet med forrige plassering, medfører gjerne at verken avslutninga av eller starten på ei plassering blir så god som ønskeleg. Dette er forhold som bør drøftast vidare ved Barne- og familiekontoret.

## **Synspunkt frå Breimyra barneheim.**

Erfaringane frå Breimyra barneheim omfattar synspunkt frå prosjektleiar/styrarassistent og to miljøarbeidarar som deltok i deler av prosjektet. Det overordna synspunktet frå prosjektmedarbeidarane er at prosjektet har vore vellukka, sjølv om det i prosjektperioden var færre plasseringar av barn enn det ein hadde håpa på. At det var forholdsvis få plasseringar skuldast dels at ein måtte rekruttera ein ny beredskapsheim undervegs, og dels at nokre av plasseringane av ulike grunnar vart særleg langvarige.

Erfaringane frå prosjektet synte at miljøarbeid som ramme for arbeidet i beredskapsheimane fungerte godt, og at alle plasseringane var vellukka i forhold til planar og avtalar som hadde vore inngått undervegs. Beredskapsheimsforeldra streva, særleg i begynnelsen, med å tileigna seg nye arbeidsmetodar, men dette gjekk ikkje utover omsorga for det einskilde barnet.

Slik ordninga fungerte var det først og fremst beredskapsheimane som drog nytte av institusjonen og ikkje omvendt. Det var nyttig å bruka institusjonen i samband med møteverksemd, avvikling av besøk, «avlastning», treningsopplegg o.l. Det var drøfta å innlemma beredskapsheimsforeldra i teammøte og tiltaksmøte på institusjonen, men dette vart ikkje prøvd ut anna enn i hospiteringssamanhengar.

Det vart også prøvd ut ulike modellar for rettleiing, og for bruken av beredskapsheimar på nye måtar. Erfaringane frå individuell saksrettleiing frå styrarassistenten og prosessrettleiing i grupper frå psykologen var positive. Miljøarbeidarar (barnets hovudkontakt) med ansvar for rettleiing og oppfølging av barn som flytta frå institusjonen til beredskapsheim vart også prøvd i eit par saker. Erfaringane frå dette forsøket var delte, særleg fordi det synte seg å vera vanskeleg å kombinera arbeid i institusjonen med oppfølging av beredskapsheimane. Det ville truleg vera ein fordel med faste, opplærte miljøarbeidarar i denne funksjonen, og ikkje hovudkontakten til det einskilde barn. Ei slik ordning ville ikkje ivareta den kontinuitet overfor barna som var tenkt i utgangspunktet, men ein ville sikra erfaring og kompetanse i oppfølging av den einskilde plassering.

At beredskapsheimsforeldre også kan brukast til oppfølging av barn i fosterheimar var eit særleg spanande forsøk. Erfaringa frå denne plasseringa synte at beredskapsheimsordninga er fleksibel, og at den gir eit godt utgangspunkt for utvikling av nye samarbeidsmodellar i forhold til 1.linjetenesta. I samband med tilbod til framandspråklege barn var bruken av

beredskapsheimen i denne saka eit eksempel på eit utvida og tilpassa tilbod, som imøtekom barneverntenesta sitt særskilde tenestebehov.

Eit svært viktig synspunkt frå evalueringa galdt *talet* på beredskapsheimar knytta til Breimyra barneheim. På same måte som beredskapsheimsforeldra påpeika også representantane frå barneheimen at ordninga var lite fleksibel med berre 2 heimar, og at fagmiljøet var lite. Ein ville ha fått langt større effekt av tiltaket dersom det hadde vore 4 beredskapsheimar i ordninga. Dette ville ha vore tenleg både i forhold til opplæring og rettleiing, og det ville ha skapt eit langt rikare læringsmiljø. Ei utviding til 4 heimar ville sjølvsagt ha krevd noko meir ressursar til administrasjon og rettleiing, men dette ville truleg vera ei lita investering i forhold til utbyttet.

Om ordninga bør halda fram med berre 2 heimar, er representantane frå Breimyra barneheim usikre på. Det er på sikt svært arbeidskrevjande å ha eit eige opplegg for berre 2 plassar. Prosjektet har synt at ordninga har fungert, men om den bør halda fram i same omfang, bør vegast opp mot ressursbruk og utbytte generelt sett.

### ***Avsluttande synspunkt frå evaluator.***

Denne rapporten tek føre seg erfaringar frå eit toårig prøveprosjekt med beredskapsheimar knytta til Breimyra barneheim. Tematisk omhandlar rapporten kjenneteikn ved dei ulike plasseringane, spesielle tenester og ordningar knytta til dei ulike plasseringane, fagleg arbeid og innhald, rettleiing, opplæring, fagleg tilknytning, samt informantane sine synspunkt og erfaringar knytta til prøveprosjektet generelt og til tilknytingsordninga spesielt.

I desse avsluttande merknadene er det ønskeleg å samanfatta nokre hovudsynspunkt sett frå evaluator si side, og knytta desse til utgangspunktet for prosjektet; *nemleg om beredskapsheimane si faglege og administrative tilknytning til Breimyra barneheim ga ei god ramme for arbeidet med det einskilde barnet, og om dette var ei ordning som kunne gi nye dimensjonar i arbeidet med kriseplassering av barn.*

Vi har allereie slått fast at ordninga har fungert godt for det einskilde barn, og at brukarane har vore godt nøgde med tilbodet frå Breimyra barneheim og beredskapsheimane. Om ordninga har kunna gi nye dimensjonar i arbeidet med kriseplassering av barn, er vanskelegare å vurdera. I avsnittet om «utprøving av spesielle tenester og ordningar knytta til dei ulike plasseringane» er det lista opp

ei rekke mogelegheiter og ordningar som barneverntenesta og beredskapsheimane har hatt tilbod om. Dette gjeld utgreiingsteneste av psykolog, bruk av Breimyra barneheim som møtestad, besøksstad og avlastar; eit fleksibelt system for overføring av barn frå institusjon til beredskapsheim og mogelegheiter for fleksible samarbeidsordningar. I tillegg har barneverntenesta hatt tilbod om «hjelp» til utarbeiding av planar og avtalar, og dei har hatt nytte av fleksibel bruk av beredskapsheimane i oppfølgingsarbeidet.

Evalueringa av desse «spesialtenestene» har vore vanskeleg, fordi etterspurd- naden etter dei har vore svært avgrensa. I den grad dei ulike tenestene har vore brukt, har det i dei fleste tilfelle vore knytta positive erfaringar til dei. Når tenestene og mogelegheitene ikkje har vore brukt, har det blitt vurdert som viktig at mogelegheitene har *funnest*.

Grunnane til den låge etterspurd- naden kan vera fleire. Det kan skuldast at behovet for dei ulike tenestene ikkje har vore særleg stort, eller at prosjektet berre har erfaringar frå totalt 8 plasseringar. Ei anna forklaring kan vera at dei aktuelle tenestene i liten grad er avhengig av å vera knytta til ein institusjon for å bli realiserte. T.d. kan ein tenkja seg at møte og besøk kan avviklast på mange andre stader enn ein institusjon eller beredskapsheim. Det bør også vera mogeleg å skaffa avlastningsopphald for eit barn i ein institusjon uavhengig av kva type beredskapsheimsordning barnet «tilhøyrer».

Den avgrensa etterspurd- naden etter psykologtenester i form av utgreiings- oppdrag synest særleg vanskeleg å forklara. Ein skulle tru at 1.linjetenesta ville ha stort behov for ei slik teneste frå Breimyra barneheim. Undersøkinga har ikkje opplysningar om bruken av utgreiingstenesta når det gjeld barn som har vore plasserte på sjølve institusjonen. Behovet for psykologisk utgreiingsteneste i beredskapsheimane bør evt. kartleggjast nærare.

Den ordninga som vanskeleg kan erstattast av andre beredskapsheims- ordningar, er mogelegheiten for å overføra barn direkte frå institusjon til beredskapsheim, og med størst mogeleg kontinuitet i oppfølging både for barn og barnevernteneste. Erfaringane frå eit par slike overføringar har derimot vore delte. Sjølv om det har vore fordeler for barnet og barneverntenesta med ei slik ordning, så har evalueringa synt at modellen der miljøarbeidarar følgjer opp barnet og beredskapsheimen enno ikkje har funne ei god nok form. Det har kome klart fram både i denne evalueringa og i tidlegare evalueringar at det er uheldig å kombinera arbeidsoppgåver i institusjonen med oppgåver i beredskapsheimen, og at dette er oppgåver som bør vera skilt mellom ulike personar. Ein følgje av desse erfaringane er at ei beredskapsheimsordning truleg

bør fungera mest mogeleg uavhengig av institusjonen; helst som ei eiga avdeling.

Når det gjeld overføring av miljøarbeidarprinsipp til arbeid i beredskapsheimane, har dette fungert bra utifrå at alle plasseringane har blitt vurdert som vellukka, og at barna har fått god omsorg. Spørsmålet å ta stilling til blir dermed ikkje *om* det fungerer å nytta seg av miljøarbeid som fagleg ramme for arbeidet, men *kva* fagleg ramme og innhald som eignar seg best. For å vurdera dette ville ein måtta samanlikna det faglege innhaldet i dei to ulike beredskapsheimsordningane og praktiseringa av det over tid; noko som ikkje har vore aktuelt i denne evalueringa.

Hovedkonklusjonen sett fra evaluator si side er at dersom ordninga med beredskapsheimar knytta til Breimyra barneheim skal halda fram, vil det vera fleire fordelar ved å utvida beredskapsheimsordninga til 4 heimar. Ei slik utviding ville gi ei meir fleksibel ordning og ei betre utnyttinga av ressursane som blir brukt til opplæring og rettleiing. Dette ville samstundes gi eit større og rikare fagmiljø. Dette er i tråd med synspunkta frå institusjonen og beredskapsheimane. Dersom ordninga ikkje blir utvida, kan det vera ei like god ordning å overføra heimane til sentraladministrasjonen. *Spørsmålet som ein står att med er dermed kva ordning som gir størst utteljing i forhold til fylkeskommunale plassar for barn i krise.*

## **Grunnlagsmateriale - referansar.**

Barne- og familiekontoret (1994): *Vedrørende beredskapshjem tilknyttet Breimyra*. Internt notat.

Breimyra barneheim (1994): *Beredskapshjem tilknyttet Breimyra barnehjem*. Prosjektskisse.

Fossen Thue, Wenche (1990): *Beredskapsheimen - eit godt alternativ. Rapport frå prosjektet beredskapsheimar i tida 1.1.88 - 31.12 89*. Hordaland fylkeskommune, Barne- og familiekontoret.

Fylkestingssak 71/89 (jfr. sak 72/89): *Krisemottak - beredskapsheimar. Revisjon av plan for barne- og ungdomsvernet*. Hordaland fylkeskommune, Barne- og familiekontoret.

Fylkestingssak 104/93: *Christian Michelsens barnhjem - omstrukturering*. Hordaland fylkeskommune, Barne- og familiekontoret.

Fylkestingssak 13/94: *Christian Michelsens barnehjem*. Hordaland fylkeskommune, Barne- og familiekontoret.

Havnen, Karen & Havik, Toril (1995): *Planar og avtalar vedrørende evaluering av beredskapsheimsordning tilknytta Breimyra barneheim*. Barnevernets Utviklingssenter på Vestlandet. Notat.

Helse- og sosialstyret sak 418/90: *Evalueringsrapport - prosjekt beredskapsheimar*. Hordaland fylkeskommune, Barne- og familiekontoret.

Helse- og sosialstyret sak 422/90: *Krisemottak - beredskapasheimar. Administrativ tilknytning*. Hordaland fylkeskommune, Barne- og familiekontoret.